



SAKSHANDSAMAR  
Jorun Elisabet Aresvik Hals

VÅR DATO  
29.03.2023

postmottak@ra.no  
www.riksantikvaren.no

VÅR REF.  
23/00384-3

DYKKAR REF.

DYKKAR DATO

Se mottakerliste

Til: Fortidsminneforeininga, kulturmiljøforvaltinga i fylkeskommunar og Sametinget, by- og kommuneantikvarar, kulturmiljøansvarlege og byggesakseiningar i kommunane

## **Invitasjon til medverknad - etablering av næring i kulturminne - bygningar**

I Riksantikvaren sitt tildelingsbrev for 2023 gav Klima- og miljødepartementet Riksantikvaren i oppdrag å utarbeide ein rettleiar og ei eksempelsamling for å legge til rette for etablering i næring i kulturminne (bygningar) og for ei meir samordna myndigheitsutøving. Fristen for arbeidet er sett til 1. desember 2023. Målgruppa er offentlege myndigheiter og private og offentlege næringsaktørar.

Arbeidet er forankra i Meld. St. 16 (2019-2020), som i samband med dette viser til Oslo Economics si kartlegging av utfordringar og flaskehalsar knytt til næringsverksemd i kulturminne. Rapporten er utarbeidd for Norsk Kulturarv.

### **Om rettleiaren og eksempelsamlinga**

Rettleiaren skal gje generell og overordna informasjon om prosess og saksgang, myndigheiter og deira ansvarsområde når ein tiltakshavar vil etablere næring i ei verna bygning.

Eksemplarsamlinga skal gje konkrete eksempel til inspirasjon og lærdom for næringsaktørar og myndigheiter. Det vil bli lagt vekt på å synleggjere utfordringar knytt til prosess og krav frå ulike myndigheiter i det konkrete tilfellet, og korleis desse har blitt løyst.

### **Prosess og medverknad**

Riksantikvaren er no i gong med arbeidet. I februar gjennomførte Riksantikvaren ein planleggingsfase for prosjektet, og vi er no i gong med gjennomføringsfasen, som vil gå fram til november i år.

Riksantikvaren legg stor vekt på medverknad i prosessen, og i mars gjennomførte vi difor møter med ei referansegruppe som består av representantar frå Nordland fylkeskommune, Karmøy og Levanger kommune, Arbeidstilsynet og Mattilsynet, Innovasjon Norge, NHO Reiseliv, Kulturminnefondet og Norsk Kulturarv. Referansegruppa har gjeve innspel knytt til behov, utfordringar, suksesskriterier og andre erfaringar som vi tek med oss i det vidare arbeidet.

## Vi ønskjer innspel til innhald og om behov knytt til eksempelsamlinga

Riksantikvaren ønskjer også å invitere Fortidsminneforeininga, fylkeskommunane, Sametinget, kommunar med by- eller kommuneantikvar og kommunar i heile landet med freda kulturmiljø og verdsarv, til å spele inn i arbeidet.

Medverknad er frivillig. Dersom de ønskjer å delta, er dette dei aktuelle arenaene:

1. Svare på spørjeundersøking som blir sendt til fylkeskommunar, kommunar og Fortidsminneforeininga. Spørjeundersøkinga gjeld evaluering og bruk av eksempelsamlinga. Denne blir sendt ut veka etter påske (veke 15). Svar på denne vil gje oss viktige innspel til innhald og utforming på eksempel for å gjere eksempla nyttige for sakshandsamarar og eigarar/tiltakshavarar. Innspel til innhald kan også bli nytta i arbeidet med rettleiaren.
2. Spele inn aktuelle eksempel på næringstiltak i verna eller freda bygningar til eksempelsamlinga. Frist for innspel er 15. mai 2023. Krav til eksempla er som følgjer:
  - a. Bygningen har vern eller regulering etter kulturminnelova eller plan- og bygningslova
  - b. Tiltaket er ferdig og kan brukast som eksempel (eigar godkjenner bruk av bilete frå bygningen)
  - c. Tiltaket er handsama av fleire myndigheiter, til dømes kommune, fylkeskommune, Sametinget, Mattilsynet med vidare. Det er ikkje naudsynt at alle myndigheitene har vore involvert samstundes, da dette avheng av type vern og tiltak.
  - d. Tiltaket er knytt til næringsverksemd, som servering, overnatting, verkstad, butikk mv.
3. Hausten 2023 ønskjer Riksantikvaren å gjennomføre ei testing av rettleiar og eksempel. Vi vil gjerne få teste desse ut på ulike brukarar. Dersom de har interesse av å delta i testinga ber vi om ei attendemelding innan 15. mai 2023. Dersom det blir mange interesserte vil vi gjere eit utval.

Før påske blir det sendt ut ei eiga spørjeundersøking knytt til dei sju pilotane i arbeidet med bevaringsstrategiane. Svar frå denne vil eventuelt vere ei kjelde til eksempel som kan nyttast.

## Meir informasjon og kontakt

Du kan halde deg oppdatert om prosjektet på nettsidene til Riksantikvaren, prosjekt og satsingar: [Rettleiar og eksempelsamling for næringsetablering i kulturmiljø - Riksantikvaren](#)  
Dersom du har innspel eller spørsmål kan du også kontakt prosjektleiar Jorun Hals på [jorhal@ra.no](mailto:jorhal@ra.no)

Beste helsing

Audun Skeidsvoll

assisterande riksantikvar

Jorun Elisabet Aresvik Hals

fagkoordinator

## Brevet er elektronisk godkjent

Mottakar	Kontaktperson	Adresse	Post
Agder fylkeskommune		Postboks 788 Stoa	4809 ARENDAL
Bærum kommune	Ingunn Stuvøy	Postboks 700	1304 SANDVIKA
Bergen kommune	Johanne Gillow	Postboks 7700	5020 BERGEN
Bodø kommune	Vegard Kaasen Engen	Postboks 319	8001 BODØ
Byantikvaren - Oslo		Postboks 2094 Grünerløkka	0505 OSLO
Byantikvaren - Oslo	Vidar Trædal	Postboks 2094 Grünerløkka	0505 OSLO
Byantikvaren Bergen			
Byantikvaren Trondheim			
Drammen kommune	Vegard Lie	Engene 1	3008 DRAMMEN
Eigersund kommune	Tina Tønnessen Myklebust	Postboks 580	4379 EGERSUND
Fredrikstad kommune	Mari Oline Giske Stendebakken	Postboks 1405	1602 FREDRIKSTAD
Frogn kommune	Mathilde Simonsen Dahl	Postboks 10	1441 DRØBAK
Haugesund kommune	Trygve Eriksen	Postboks 2160	5504 HAUGESUND
Innlandet fylkeskommune		Postboks 4404 Bedriftssenteret	2325 HAMAR
Karmøy kommune	Ane Steingildra Alvestad	Postboks 167	4291 KOPERVIK
Kongsberg kommune		Postboks 115	3602 KONGSBERG
Kongsberg kommune	Bjarne Kjartan Fønstelien	Postboks 115	3602 KONGSBERG
Kristiansand kommune		Postboks 4	4685 NODELAND
Kristiansand kommune	Jorunn Monrad	Postboks 4	4685 NODELAND
Levanger kommune	Tove Nordgaard	Postboks 130	7601 LEVANGER
Møre og Romsdal fylkeskommune		Fylkeshuset, Postboks 2500	6404 MOLDE
Moss kommune	Berit Kolden	Postboks 175	1501 MOSS
Moss kommune	Trine Syvertsen	Postboks 175	1501 MOSS

Nærøysund kommune		Postboks 133 Sentrum	7901 RØRVIK
Nordland fylkeskommune		Postboks 1485 Fylkeshuset	8048 BODØ
Notodden kommune		Postboks 193	3672 NOTODDEN
Osterøy kommune		Rådhusplassen	5282 LONEVÅG
Rogaland fylkeskommune		Postboks 130 sentrum	4001 STAVANGER
Røros kommune	Magnus Nilssen Borgos	Bergmannsgata 23	7374 RØROS
Sametinget - Sámediggi		Ávjovárgeaidnu 50	9730 KARASJOK/Kárášjohka
Sandnes kommune	Gro Persson	Postboks 583	4305 SANDNES
Sokndal kommune		Gamleveien 20	4380 HAUGE I DALANE
Sør-Varanger kommune		Postboks 406	9915 KIRKENES
Stavanger kommune		Postboks 8001	4068 STAVANGER
Stavanger kommune	Hanne Windsholt	Postboks 8001	4068 STAVANGER
Steinkjer kommune	Robert Øfsti	Postboks 2530	7729 STEINKJER
Troms og Finnmark fylkeskommune - Romssa ja Finnmarkku fylkkagjelda		Postboks 701 Fylkeshuset	9800 VADSØ
Trøndelag fylkeskommune		Fylkets hus, Postboks 2560	7735 STEINKJER
Trondheim kommune	Mette Bye	Postboks 2300 Torgarden	7004 TRONDHEIM
Vestland fylkeskommune		Postboks 7900	5020 BERGEN
Viken fylkeskommune		Postboks 1200 Sentrum	0107 OSLO
Aurland kommune		Vangen 1	5745 AURLAND
Engerdal kommune		Engerdalsveien 1794	2440 ENGERDAL
Fortidsminneforeningen		Dronningens gate 11	0152 OSLO

Hammerfest kommune		Postboks 1224	9616 HAMMERFEST
Holtålen kommune		Helsetunet 7	7380 ÅLEN
Kautokeino kommune - Guovdageainnu suohkan		Bredbuktnesveien 6	9520 KAUTOKEINO
Lærdal kommune		Postboks 83	6886 LÆRDAL
Luster kommune		Postboks 77	6868 GAUPNE
Norddalen		Storgata 19	2670 Otta
Os kommune		Rytrøa 14	2550 OS I ØSTERDALEN
Stranda kommune		Øyna 13	6200 STRANDA
Tolga kommune		Kommunehuset	2540 TOLGA
Vega kommune		Røyrveien 10	8980 VEGA
Vik kommune		Postboks 134	6891 VIK I SOGN
Voss herad		Postboks 145	5701 VOSS